Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Granvin

Emne: Helsing, fakter og åtferd — Bygdelag: –

Oppskr. av: Jon Haukanes d. e. — Gard: Haukanes

(adresse): Folkedal — G.nr. 124 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. alder 85 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Born og unge helsar gjerne med
ei rørsle i hove, ogso når det er ja eller
nei.

2. Ein helsar ikkje på alle folk ein
møter på vegen, berre dei ein kjenner.

3 Den som hadde reist lengst, skulle
helsa fyrst med: goddag; gmoren var det
tidleg på dagen; gukveld var det seint
4 på dagen, mod kveld. dei handhelsa um
det var langframande eller slektningar

5 Var det presten eller andre em-
betsmenn tok dei av seg hatt eller hava.
6 Dei bruka ikkje å halda hatten med
8 båe hendene; ein helsa på same måte
enten ein gjekk i kvardags- eller helgakledd
Ein handhelsa sjeldan på born

9 Kan ikkje minnast at kjende folk
klappa ein annan på oksli, når dei
helsa.

10 Stod folk med kyrkja, og kyrkjeklok-
kuna tok til ringja, tok ein til hatten
som helsing. Denne skikk hev ein enno
i bygdi. Kvinnone helsa ikkje i det høve.

9347

Umkelsing



11 Mötte ein reisande likferd på vegen, stansa han med hatten i hand til fylgjet var faret forbi; sameleis med brurafylgjet.

12 Ein helsa ikkje på dyr eller dauda ting fyrr i tidi heller, so vidt ein veit.

14 Gomorn vert no helsa til alle tider på dagen – serleg av dei som vera kulturfolk og moderne. Ein svara

15 som regel med same helsing. Elles tek ein det ikkje so nøgje korkje med

16. helsing eller svar i notidi.

Fyrr kunde ein høyra helsing som Gudsfred o. l. men ikkje no. Signe

17 arbeidet, signe laget og signe maten er enno i bruk som helsing. Til det svara dei: takk.

Ein gamal karing kom inn til doktaren medan sat ved bordet og åt: „Signe arbeidet"! sa den gamle mann, som brukte sine fedres måte å helse på.

18–19 Tar verten teke imot ein gjest ute på tunet og fylgt han inn i stova, tek gjesten uppatt same helsingi ute inne i stova på husens folk. „Takk for sist" var alltid med i helsingi. Sjøl takk for sist. Vilde ein tala berre med husfaren reiste dei andre ut.

Ein bankar altid (på) døri, fyrr ein

21 gjeng inn. Ein ropar då: „kom inn!" „Og

23 set deg ned (på ein stol. Sameleis um han var heilt framande. Same helsing som til kjenningar.

Ved farvel til vitjing, sa ein t.d.

30 takk for idag og velkomen att.

9347

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Um helsing

Var det avskil for siste gong, takka
dei kvarandre for kvar dagen dei
var kjende. Var det ein utvandrar,
38 ynskte dei han lukka på ferdi og på den
nye staden han kom til. Var det ein
döyande, so ynskte dei han ein sæl död.

Dei brukte ikkje å kyssa ein annan
til farvel, utan det var småborn til
43 farvel av bestemor o.l. Byta nase kan
eg i sume höve ha höyrt som barn, ikkje
i notidi. Millom foreldre og born kan
det nok ganga for seg mangslag franting
med munn og nase.

Til lukke var alltid (bruka) i brudlaup.
44 Dei helsa slik av ein högtidsam kvemning
i brudlaupet til Trond Haukanes:
„Godmajen og takk fy sist og til lukka
må dekans fyre standande!"

Liknande helsing brukar ein no
og til brudlaups. Ved dödsfall brukar ein
no det moderne: eg kondolerar! I gravferd
45-51 vil som regel kjökemeisteren takka alle på
vegne av den döde, i syrgjehuset.

Vanvyrdna kunde ein syna på ymse
vis ved fakter og utrop. Sinte kvinnor klappa
seg på baken, eller og dei sette på stakken
sin. det var ein vanvyrdna som ein no sjeldan
höyrer noko um; fyrr var det meir ålment.

Gamle haringar kunde fortelja
frå vinterfisket um sinte strilar som
hadde buksa nedum seg og klappa
den nakne rumpa — til stor vanvyrdna
for haringen som hadde erta dei.

Ein segjer alltid du til alle utan embets-
menn; då er det De.

9347

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING